

## Møte i Gulen kommunestyre 13.06.2024

Torsdag 13. juni 2024 er det møte i kommunestyret.

Møtestart: kl. 10:00

Møtestad: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i Innbyggarservice, og på nettsida til Gulen kommune. Møtet er ope for publikum, kan også følgast digitalt. Følg med på nettsida til Gulen kommune for utlagt link til møtet. Alle er velkomne.

Ordførar May-Lynn Osland

## Frå ordføraren

Kjære alle.

Sommaren er her, og med den kjem aktive dagar ute. Husk å drikke nok vatn og halde dykk godt hydrert i sommarvarmen, og så må vi ta vare på kvarandre. La oss alle bidra til å skape ein trygg og hyggeleg sommar for alle i Gulen.

Vi er stolte av vår vakre skjærgård, og veldig spennande med ny sherpa-sti i Brekke som etter kvart er klar til å verte utforska (første del av stien, Geila er nesten fullført). Nyt naturen og dei fantastiske opplevingane som kommunen vår har å tilby! Hugs å få med dykk Utkantfestivalen og jubileumsfeiring på Gulatingsletta.

Vil få ynskje alle **GOD SOMMAR!**

Med venleg helsing,  
May-Lynn Osland

## Kort status frå kommunedirektøren

Vi går no inn i ein sommarsesong der alle tilsette i kommunen skal avvikle sommarferie. Å finne vikarar for å få drifta til å gå rundt, er krevjande året rundt, særleg innan omsorg og oppvekst. I ferietider vert vi utfordra ekstra, men vi vil gjere vårt beste for at innbyggjarane også gjennom sommarsesongen vil oppleve gode kommunale tenester.

Rekruttering av kvalifisert personell er på generell basis krevjande. Ei god nyheit herifrå er imidlertid at vi no innan plan, landbruk og teknisk er personellmessig betre rusta enn på mange år.



Sidan sist Infopost har kommunestyret gjeve sin uttale til NVE vedkommande konsesjonssøknad for etablering av vindturbin i Sløvåg. Det er komme inn klager på denne uttalen. Kommunen har vurdert at det ikkje er klageadgang på uttalen. Klagene vil verte vurdert når kommunen handsamar innkomne søknader om endring av reguleringsplanane i Sløvåg (sjå under). Sjå kommunen si nettside for meir informasjon om vurdering rundt klager.

Ønskjer du å halde deg oppdatert på pågående plansaker kan du nytte kommunen si nettside [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) der vi har ei eiga fane som er kalla «planaktuelt 2024»

Kort om nytt innan planarbeid:

## Reguleringsplan Oppedal ferjekai

Statens vegvesen har fremja ny plan for Oppedal ferjekai. Planen vil legge til rette for ny ventekai/nattlie for den fjerde ferja på sambandet Oppedal-Lavik. Denne skal på plass i løpet av 2026. Ventekaia vert liggande nord og vest for dagens

servicebygg. Det er også planar om nytt servicebygg med toalett, parkeringsplassar samt oppgradering av området rundt servicebygget. Planen vert tatt opp til handsaming i Hovudutval for plan og klima (HPUK) 29.05.2024, og venta vert lagt fram til godkjenning i kommunestyret 13.06.2024.

**Detaljregulering for Gulen industrihamn**  
- Plan-id 2013003 - gbnr. 63/15 Halsvik.  
Søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess. Planen er mottatt til handsaming

**Detaljregulering for råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn** Plan-id 2013002 Gbnr. 63/35 og 63/36 Halsvik. Søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess. Planen er mottatt til handsaming

**Reguleringsplan vest på Byrknesøy/Byrknes utvikling, og Sjurmarka Byrknes** er ferdig godkjent og arbeidet med å utarbeide offentleg-privat utbyggingsavtale er starta opp.

#### Kommuneplanen sin arealdel.

Utarbeiding av den viktigaste arealplanen som kommunen lagar, har vore ei krevjande øving som har gått over fleire år. Dei fleste utgreiingane er no gjort. Det står igjen samanstilling av desse, ein del teknisk arbeid, samt avklaring med Statsforvaltaren om enkelttema før planen kan leggast ut på 3. gongs offentleg høyring i løpet av hausten 2024.

Vil få ynskje alle **GOD SOMMAR!**  
Reidun K. Halland, kommunedirektør

### Informasjon frå legekontoret

#### Opningstider utekontor i sommar

Utekontora på Byrknes og Brekke vil vere stengt frå og med veke 27, til og med veke 33. Med førbehald om endringer.

Ta kontakt med legekontoret på telefon for legetime, eller send timeforespørsel via Helsenorge.

Ring til oss viss du har behov for ein time samme dag eller i løpet av få dager.

#### God sommar!

Med helsing Legekontoret

### «Grønare Kvardag»

Kva kan du som innbygger gjere for eit miljøvennleg samfunn?

I tråd med regionale, nasjonale og internasjonale mål om ein meir klimavennleg og berekraftig samfunnsutvikling, har Gulen kommune i samfunnsplanen vedteke at "Gulen kommune skal leggja til rette for at innbyggjarane har kjennskap til, og nyttar miljø- og klimavennlege løysingar".

Kommunen har no ei ekstra satsing innan temaet kva den einskilde innbygger kan gjere for at våre etterkommarar får like gode tilhøve som det vi har. Prosjektet heiter «Grønare Kvardag». Her skal vi gi kunnskap, inspirasjon og tips til innbyggjarane og bidra til at fleire tek miljø- og klimavennlege val i kvardagen.

Som eit pilotprosjekt håpar me også at arbeidet kan bidra til at fleire organisasjoner og kommunar gjer liknande tiltak. På kommunen si nettside, [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no), vil du derfor finne ei eiga fane for prosjektet, med mykje informasjon og tips.

Eg er prosjektleiar for denne satsinga, og gler meg veldig til arbeidet. Håpar du blir med på laget, og bidreg til ein meir miljøvennleg og berekraftig utvikling i kommunen vår. Det vil gje eit tryggare og sunnare

levegrunnlag for oss alle – både no og for dei som skal leva her etter oss.

#### God sommar så lenge!

Nini Hæggernes  
Prosjektleiar klima og miljø



## Oppfølging etter kreftdiagnose Gulen kommune

Helseforetaka er no i gang med å innføre eit nytt forløp som etterkvart vil gjelde alle nyoppdaga kreftpasienter eller pasienter med tilbakefall av kreft.

Dette forløpet heiter:

### «Pakkeforløp heim-kreft»

Gjennom pakkeforløpet skal du som pasient få avdekt dei individuelle behova dine for tenester og oppfølging utover sjølve kreftbehandlinga.

Målet med denne ordninga er å sikra tryggleik og forutsigbare forhold for deg som har fått ein kreftdiagnose, og at dine behov for oppfølging ut over sjølve kreftbehandlinga vert avdekte og fylde opp.

Pakkeforløpet skal også bidra til auka fokus på livskvalitet, god helse og meistring for pasientane.

Pakkeforløpet består av tre behovskartleggingssamtalar.

- 1) I sjukehus et etter at du har fått ein kreftdiagnose.
- 2) I kommunen ca 3-4 måneder etter at du fekk kreftdiagnosen.
- 3) I kommunen ca 12-18 måneder etter at du fekk kreftdiagnosen.

Den første samtalene vert gjennomført i spesialisthelsetenesta / sjukehus.

Aktuelt tema i samtalene kan være: familiesituasjon og nettverk, jobb, skule, utdanning, økonomi og busitasjon, hjelp og tilrettelegging i heimen, rehabilitering, fysisk aktivitet, ernæring, egne ressurser læring og meistring, fritid og sosiale aktiviteter, psykisk helse, seksuell helse, munn og tannhelse m.m.

I Gulen kommune er det ressurssjukepleiar i kreft og lindring, Mona Hjartholm som inviterer til kartleggingssamtalar i heimane og bu og omsorgsentera og sjukepleiar på sjukeheim som tar initiativ dersom du er på sjukeheimen.

Pårørande kan delta i samtalane viss ein ynskjer det. Samtalane varer 45 – 60 min.

Du bestemmer sjølv om du vil takke ja til tilbodet.

Vist du vil lese meir om pakkeforløpet finn du det på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no)

**Ta kontakt med** Mona Hjartholm, 47236906 eller Elizabeth Høydal tlf 57782065 dersom du lurer på noko angående dette.

## Serviceskyss i Sogn og Fjordane

Serviceskyss er eit transporttilbod i Sogn og Fjordane som er ope for alle, og skal vere tilrettelagd for alle.

Skyssen er organisert i faste ruter, ofte inn til kommunesenteret eller andre mindre sentrum.

Dei som vil reise med serviceskyssen, bestiller skyss seinast dagen før, innan eit fastsett tidspunkt. Ein blir henta heime og får skyss frå dør til dør. Køyretøya som vert nytta er universelt utforma.

Pris: 30 kroner kvar veg. Du kjøper og betaler billett om bord, og kan betale med bankkort eller kontantar.

Ruter i Gulen	Dagar ruta går	Til sentrum	Frå sentrum
Sande - Ånneland - Mjømna - Byrknesøy	Fredag i partalsveker	10.00	12.00
Furnes - Sløvåg - Dalsbygda - Dalsøyra-Eidsbotn - Sløvåg	Fredag	13.10	14.15
Dingja - Eivindvik	Fredag	09.40	12.00
Brosvik- Rutledal - Haveland - Eivindvik	Fredag	10.30	12.30
Indre Oppedal - Kringla - Brekke	Fredag	11.00	13.00
Rutledal - Takle - Brekke	Fredag	10.30	12.00

## Tinging

Alle som skal vere med serviceskyssen må tinga seinast kl. 18.00 kvelden før.

Tinging skjer på telefon 57 78 31 00 (val 1-4)



Eivindvik tannklinikk  
Vestland fylkeskommune

Tannklinikken har sommerstengt frå 18/7 til og med 5/8.

Ved behov for akutthjelp i denne perioden, kan ein ta kontakt med Lindås tannklinikk på telefon 56360217.

På ettermiddag og kveld kan ein ta kontakt med Tannlegevakten i Bergen på telefon 55310310.



# **Nasjonaljubileet Noreg i tusen år og landslovjubileet, - det skjer på Gulatingslet og i Gulen kyrkje helga 23.-25.august!**

## **Gulatingslet**

23.-25. august 2024 har vi gleda av å invitere til ei stor jubileumsfeiring i høve Nasjonaljubileet Noreg i tusen år og Landslovsjubileet 750 år.



Gulatingslova er den eldste lova i Norden, og med verdiane Folkestyre-Tillit-Fred ønskjer vi å revitalisera og aktualisere Tusenårsstaden Gulatingslet for framtida.

Gjennom seminar, debattar og felles kulturopplevingar skal det leggjast grunnlag for ein konstruktiv dialog der ulike stemmer kan få plass. I dagens nettbaserte og globale verd har det blitt eit heilt nytt og annleis debattklima. Det er viktig at vi kan skapa rom for nyansar, framfor svart/kvitt og steile motsetningar.

Jubileet Gulatingslet 2024 skal auka vårt medvit og kunnskap om kva Gulatingslet har betydd for demokratiet i Norge, og korleis denne arva kan forvaltas vidare. Lokal medverknad er viktig for at målet med feiring kan realiserast i praksis. Gulatingslet 2024 skal jobba med verdiar i lovverket, og i jubileumsåret har vi von om at vi i fellesskap, skal få ei djupare forståing av omgrepene; folkestyre, tillit og fred. Kva har dette betydd i ei historisk samanheng og korleis forstår vi omgrepene i dag? Born, ungdom og eldre, lag og organisasjonar er alle viktige stemmer. Kanskje brenn du for ei sak du meiner er viktig for bygda di, eller du løfter stemmer gjennom frivillig arbeid? Alle er vi viktige bidragsytarar for å byggja berekraftige lokalsamfunn.

## **Set av helga 23.-25.august!**

Program og billetter: [www.Gulatingslet.no](http://www.Gulatingslet.no)

Det samla målet for Nasjonaljubileet 2030 er å skape eit jubileum som tek utgangspunkt i fortida, men som har stor betydning for både notid og framtid.

Med verdiane Folkestyre- Tillit - Fred blir jubileet feira på Gulatingslet 23.-25.august.



# **Gulen kyrkje Jubileumsgudsteneste**

## **Sundag 25.august kl. 11.00 i Gulen kyrkje**

Vi har mykje å feira i dette jubileumsåret, og for fyrste gong i historia har Bjørgvin bispedøme fått kvinneleg biskop. Ragnhild Jepsen kjem for å halde jubileumsgudstenesta i Gulen kyrkje i Eivindvik den 25. august. Slik vil biskopen bidra til ei verdig og høgtidleg avslutning på det offisielle programmet denne jubileumshelga. Mange fleire deltek, blant anna blir det song av skulelevar og av Brekke Mannskor. Prost Helge Taranrød og fungerande sokneprest Bjørn Magne Hansen deltek. Ordførar May-Lynn Osland blir med, og sjølvsagt vår nye sokneprest Håkon Kinsarvik og organist Peter T Jobbagy. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi i Gulasalen på kommunehuset.

Vi håpar mange tek turen til Gulen kyrkje denne dagen!

## **Startlån**

Har du problem med å komme inn på bustadmarknaden eller med å bli buande i bustaden din? Då kan startlån vere ei aktuell låneordning for deg.

Det er Husbanken som finansierer denne ordninga, men kommunen som tar imot søknadar og gjer vedtak.

Sjå nettsida til kommunen

[www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) og Husbanken [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no) for meir informasjon.

## **Gratis buss for barn og unge under 18 år**

Eit samråystes kommunestyre vedtok 12.04.24 gratis buss for barn og unge under 18 år i Gulen. Dette for å stimulere til å knyte bygdene våre tettare saman, og gjere det lettare for fleire unge å besøkje vener, skape møtestader, delta på fritidsaktivitetar osb.

Skyss sitt sonekart (ordninga gjeld for sone G) er tilgjengeleg på nettsida til Skyss [www.skyss.no](http://www.skyss.no)

Digitalt skjema for registrering av brukar er tilgjengelig på nettsida til Gulen kommune [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)